

Respons

Vietnam: Syskenbarneekteskap

- Er ekteskap mellom syskenbarn lovleg i Vietnam?
- Hvis ikkje, førekjem syskenbarneekteskap likevel i Vietnam? Er det vanleg?

Forbod mot ekteskap mellom syskenbarn

Syskenbarneekteskap er forbode ved lov i Vietnam. I ekteskapslova av 2000, paragraf 10, står det at:

*Marriage is forbidden in the following circumstances:
[...]*

3. Between people of the same direct blood line; between relatives within three generations;

Og «relatives within three generations» vert i artikkel 8.13 definert som:

*[...] people born of the same stock: parents constituting the first generation; siblings of the same parents, of the same father but different mothers, of the same mother but different fathers constituting the second generation; **children of uncles and aunts constituting the third generation** (Landinfo si utheving).*

Det vil altså seie at det er forbode for fetter og kusine å gifte seg i Vietnam.

Vietnamesisk lov anerkjenner heller ikkje såkalla «common-law marriages», det vil seie sambuarskap¹ eller ekteskapsavtalar inngått på andre måtar enn den i lov føreskrivne (U.S. Department of State u.å.). Lova føreskriv at ekteskap skal registrerast hjå den lokale Folkekomiteen (People's Committee) for å vere gyldige.

Vietnam har ei rekkje etniske mindretal, og vietnamesiske styresmakter har publisert eit dekret om iverksetjing av ekteskapslova for desse (Dekret nr. 32/2002). Dekretet slår fast at også personar frå minoritetane skal registrere ekteskapa sine hjå Folkekomiteane og at «ekteskap mellom personar av same direkte slektsline (*direct lines of descent*) og mellom slektingar innanfor tre generasjonar», høyrer til blant dei såkalla «Backward customs and

¹ Sambuarskap er fullt lovleg, men har ikkje same juridiske status som ekteskap.

practices which contravene the provisions of The Marriage and Family Law and must be strictly prohibited from application» (Dekret nr. 32/2002, Appendix B, punkt II).

Det gjer altså ingen skilnad om ein høyrer til ein nasjonal minoritet – syskenbarn har stadig ikkje høve til å gifta seg med kvarandre.

Praksis

Det er likevel ikkje alltid samsvar mellom lov og praksis, og nokre stader i Vietnam er syskenbarnektenskap ikkje heilt ukjend. Den engelskspråklege Viet Nam News skriv i ein artikkel frå 2013 at blant folkegrupper som Si La i den nordlege provinsen Dien Bien, Lo Lo og Mong i Ha Giang-provinsen, og Ro Man og Brau i den sentrale provinsen Kon Tum, er det «ganske akseptert – jamvel ein tradisjon - for syskenbarn å gifte seg» (Viet Nam News 2013).

Korleis kan dette gå til, all den tid det ikkje er lovleg? Ein moglegheit er at paret har halde ein vigselsseremoni (*đám cưới*) lokalt i familien/ landsbyen, men ikkje registrert «ekteskapet» hjå styresmaktene (representert ved den lokale Folkekomiteen). Dette har tidlegare vore ganske vanleg og førekjem fortsatt, særleg på landsbygda (Ellis 2013; Landinfo 2010 s. 10-11). Ein grunn til dette, er at mange ser bryllaupsfesten som det viktigaste for at eit par sosialt skal verte rekna som gifte. Den formelle registreringa hjå styresmaktene, som ville gjere ekteskapet gyldig også juridisk sett, er i denne samanhengen underordna.

Ei diplomatisk kjelde i Vietnam (e-post 10. februar 2014) hevdar at syskenbarnektenskap i einskilde høve kan ha vorte inngått utan at partane sjølv har visst at dei var syskenbarn. Dette kan ha skjedd fordi foreldra unnlét å registrere barna ved fødselen, fordi foreldra ikkje var gifte og/eller av andre omstende. Barna kan i slike høve ha vakse opp utan dei naudsynte papira slik at eit eventuelt slektskap ikkje lét seg kontrollere ved inngåing av ekteskap. Desse tilfella er nok likevel sjeldne.

Mange stader vart alle register øydelagde under «den amerikanske krigen» som Vietnamkrigen vert kalla i Vietnam, og mangelen på både sentrale og til dels lokale register er eit generelt problem i landet også i dag. Tenkjeleg kan eit par beståande av fetter og kusine såleis registrere giftemålet sitt utan at den aktuelle Folkekomiteen veit eller kan påvise at dei faktisk er syskenbarn.

Vietnam er også eit land med eit visst korrupsjonsnivå, så når det gjeld dokument og lovbruk, lyt ein alltid ta høgde for at kontaktar og/eller pengar kan opne for moglegheiter som strengt tatt ikkje er sanksjonerte i lovverket. Ein annan utveg er å gifte seg i utlandet, til dømes i Hong Kong, der slektskapstilhøvet ikkje vert undersøkt eller oppdaga².

Til slutt kan det takast med at i den norske *Levekårsundersøkelsen blant unge med innvandrerbakgrunn* frå 2008, var det blant unge³ med bakgrunn frå Vietnam under to prosent som oppgav noko som helst slektskap med ektefellen, sambuaren, truloveden eller kjærasten sin. Blant dei med bakgrunn frå Vietnam er det ikkje uvanleg å etablere seg med ein person utan innvandrarbakgrunn, og i denne gruppa vert heller ikkje inngifte rekna som særleg utbreidd (Daugstad 2009, s. 24).

² Landinfo har ikkje hatt høve til å sjekke om slike ekteskap vil vere gyldige i Vietnam.

³ Dei unge har anten innvandra sjølv før skulealder eller er fødte i Noreg av to innvandrarforeldre.

Utlendingsforvaltninga si eining for landinformasjon (Landinfo) skal som fagleg uavhengig eining hente inn og analysere informasjon om samfunnstilhøve og menneskerettar i land som Utlendingsdirektoratet (UDI), Utlendingsnemnda (UNE) og Justis- og beredskapsdepartementet kan trenge kunnskap om. Landinfo sine rapportar og temanotat er baserte på opplysningar frå både opne og anonyme kjelder. Opplysningane er innsamla og handsama etter kjeldekritiske standardar.

Responsar frå Landinfo er svar på konkrete spørsmål som Landinfo har fått frå saksbehandlarar i utlendingsforvaltninga. Slike responsar er ikkje meint å vere utfyllande utgreiingar av eit tema, og kjeldegrunnlaget er ikkje alltid like breitt som i temanotata våre. Responsar er utarbeidde med knappe fristar og inneheld gjerne lite bakgrunnsinformasjon.

Opplysningane som blir lagde fram i responsane, kan ikkje takast til inntekt for eit visst syn på korleis utlendingsforvaltninga bør handsame søknader. Responsane er heller ikkje uttrykk for norske styresmakters syn på dei tilhøva og landa som omtalast.

Referansar

Skriftlege kjelder

- Daugstad, G. (2009, september). *Søker krake make? Ekteskap og pardannelse blant unge med bakgrunn fra Tyrkia, Pakistan og Vietnam*. Oslo: Statistisk Sentralbyrå. Tilgjengeleg frå http://www.ssb.no/a/publikasjoner/pdf/rapp_200933/rapp_200933.pdf [lasta ned 20. februar 2014]
- [Dekret nr. 32/2002] (2002, 27. mars). *Decree No. 32/2002/ND-CP of March 27, 2002 Prescribing the Application of The Law on Marriage and Family to Ethnic Minority People*. Tilgjengeleg frå Vietnams nasjonale lovdatabase <http://vbpl.vn/botuphap/Pages/vbpqen-toanvan.aspx?ItemID=10273> [lasta ned 20. februar 2014]
- [Ekteskapslova] (2000, 9. juni). *The Marriage and Family Law*. Tilgjengeleg frå det vietnamesiske justisdepartementet http://www.moj.gov.vn/vbpq/en/Lists/Vn%20bn%20php%20lut/View_Detail.aspx?ItemID=373 [lasta ned 20. februar 2014]
- Ellis, M. (2013, 25. juli). *Mistakes that applicants for fiancée and spousal visas make*. Thanh Nien. Tilgjengeleg frå <http://www.thanhniennews.com/2010/pages/20130725-mistakes-that-applicants-for-fiancee-and-spousal-visas-make.aspx> [lasta ned 20. februar 2014]
- Landinfo (2010, 10. august). *Vietnam: Kvinner, familie, ekteskap og skilsmisse*. Oslo: Landinfo. Tilgjengeleg frå http://landinfo.no/asset/1344/1/1344_1.pdf [lasta ned 20. februar 2014]
- U.S. Department of State (u.å.). *Vietnam Reciprocity Schedule*. Washington, U.S. Department of State. Tilgjengeleg frå <http://travel.state.gov/content/visas/english/fees/reciprocity-by-country/VM.html> [lasta ned 25. februar 2014]
- Viet Nam News (2013, 9. oktober). *Close marriage threatens survival of ethnic minority cultures*. *Viet Nam News*. Tilgjengeleg frå <http://vietnamnews.vn/society/246004/close-marriage-threatens-survival-of-ethnic-minority-cultures.html> [lasta ned 20. februar 2014]

Munnlege kjelder

- Diplomatisk kjelde. E-post 10. februar 2014.

© Landinfo 2014

Materialet i denne publikasjonen er omfatta av åndsverklova. Utan særskild avtale med Landinfo er eksemplarframstilling og tilgjengeleggjering berre tillate når det er heimla i lov.

Respons Vietnam: Syskenbarneekteskap